

NÅR MÅ EIN SØKJE DISPENSASJON OG KORLEIS?

Når eit bygge- eller anleggstiltak ikkje er i samsvar med reguleringsføresegner, bebyggelsesplan, kommuneplanens arealdel eller lov, vedtekt eller forskrift, er det behov for å søkje om dispensasjon (løyve til å utføre tiltak som i utgangspunktet ikkje er tillatt).

Dei ulike områda i heradet har ofte ulike føremål og føresegner, slik at ein må finne ut kva som gjeld for den eigedommen som ein skal bygge på, og om det er nødvendig å søkje om dispensasjon. Heradet gjer informasjon om kva bestemmelsar som heradet har i dei ulike områda. Dette kan tildømes vere kommuneplanens bestemmelsar, reguleringsbestemmelsar eller bebyggelsesplan.

Lover og forskrifter som Plan- og bygningslov, tekniske forskrifter til Plan- og bygningslova, veiledning til Plan- og bygningslov, veglov og anna lovvek, finn ein på:

www.lovdata.no (gjeldende lover)

www.dibk.no (byggeregler)

www.ulvik.kommune.no

Dispensasjonssøknaden kan vedleggjast byggesaka, eller dispensasjonssøknaden kan leveres åleine, og verta handsama før byggesaka vert sendt inn. (Husk nabovarsling og at det må gå fram av varselet at det vert søkt om dispensasjon).

Heradet har ikkje høve til å gje dispensasjon (Handsama ein dispensasjon/gje løyve) dersom det ikkje føreligg reell (skriftleg) søknad om dette. Dispensasjon etter Plan- og bygningslova §§ 19-1 – 19-4, kan gjevast dersom fordelene er klart større enn ulempa og i heradet si handsaming vert lagt særleg vekt på dispensasjonens konsekvens for helse, miljø, tryggleik og tilgjenge.

Korleis utforme søknaden

- Eit brev der ein sjølv (eller ansvarleg søkjar i søknadssaker) skriv kva lov, forskrift eller bestemmelse det vert søkt om dispensasjon frå. (Sjå forslag på baksida som kan nyttast i staden for brev).
- Utgreiing om kva som skal byggast som bryt med bestemmelsar/lov/vedtekt/forskrift.
- I søknaden må fordelene ved dispensasjon vere klart større enn ulempa etter ei samla vurdering.
- Opplyser kva eiendom det gjeld.
- Tiltakshavar eller ansvarleg søkjar signerer.
- Legg ved stadfesting på at nabo er varsla (tildømes "Gjenpart av nabovarsel"- blankett).

Nabovarsling og søknad om dispensasjon

Når ein søkjer om dispensasjon, så MÅ dette gå fram av nabovarselet. Det kan skrivast på skjemaet "Nabovarsel" i rubrikken "Beskriv nærare kva nabovarselet gjeld" at ein søkjer om dispensasjon og kva bestemmelse/lov/vedtekt/forskrift søknaden gjeld. Eller ein kan merke av for at det ligg ved en kopi av brevet/dispensasjonssøknaden (saman med kopi av teiningar og kart som også skal fylgje nabovarselet).

Tidsfrist

For dispensasjonssaker som gjeld bestemmelsar/føresegner i arealplanar gjeld ikkje fristane. For andre dispensasjonar i byggesaker gjeld 12 veker frist for heradet.

Gebyr

Etter heradet sitt betalingsregulativ kjem det eit gebyr for kvar dispensasjon som skal handsamast.

SØKNADOMDISPENSASJON

Tiltakshavar		
Navn	Telefon (dagtid)	Mobiltelefon
Adresse	Postnr.	Poststad

Det vert søkt dispensasjon for eigedom				
Gnr	Bnr	Fnr	Snr	Eigedommens adresse

Det vert søkt dispensasjon frå:

	Arealdelen til kommuneplanen
	Reguleringsplan
	Utbyggingsplan
	Plan- og bygningslova
	Teknisk forskrift
	Veglov
	Anna:

Utgreining om tiltaket som det vert søkt om dispensasjon for:

--

Grunngjeving for å søkje dispensasjon (Kva fordeler og ulemper ein dispensasjon fører til)

--

Tiltakshavar	
Stad og dato	Signatur

Vedlegg:	
Gjenpart av nabovarsel	Andre vedlegg/søknad